



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2215 - 17/7043

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2017

Førebels svar på søknad - gbnr 234/23 Eide ytre

Lindås kommune viser til søknad om utsleppsløyve og løyve til tiltak mottatt 30.01.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggjesaksforskrifta (SAK 10) § 5-4 og forureiningsforskrifta § 12-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedomen gbnr 234/23 ligg i område avsett til LNF-føremål. Omsøkte tiltak er ikkje i samsvar med gjeldande plan og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før tiltaket kan godkjennast.
- Ut frå innsende kart kan det sjå ut som omsøkte tiltak kjem i strid med byggjegrensa langs fylkesveg 393 som er 15 meter frå midt veg. Avstand til fylkesveg må førast på kartet. Tiltak i strid med byggjegrensa krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før tiltaket kan godkjennast, jf punkt 1.6 i føresegnene til kommuneplanen.
- Tiltaket må nabovarslast. Dette gjeld også Statens vegvesen.
- Oversikt over kva eigedomar som er tilknytt utsleppsleidningen i dag. Kommunen vil ikkje godkjenna ytterlegare tilknytting til leidningen før dette ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Finn Dyrkolbotn

Lillehatten 115

5148

FYLLINGSDALEN

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183

5915

HJELMÅS